



Ikkje akkurat kø, men bra besøk, kunne Ørjan Haugland og faren Kjell Magne melda då dei var omtrent midtvegs i demonstrasjonsdagen på Stølen laurdag. Det hadde til og med vore folk frå Eidfjord der!

Ørjan har starta firmaet Haugland Landbruk og presenterte kva han forhandlar.

Den kinesiskproduserte traktoren Jinma er hovudproduktet og ein Jinma 354 vart synt fram og prøvekøyrd på Stølen-jordet, som eignar seg ypperleg for slike føremål .

Ørjan demonstrerte også eit tilleggsprodukt som i høgste grad er 'i tida' - ein fliskuttar som sluker unna stammer med ein diameter på opptil 15 centimeter.

Flisuttaket kan skje direkte til hengar eller trillebår.

Etableraren viste i tillegg transportskuffe, skjær velegna til snørydding og hurtigkoblingar.

(Foto: Ola Matti Mathisen)

